

Ny garasje er snart på plass etter brannen.

17.01.2020



Ny garasje er snart på plass hos Affi Eidsvik.

Natt til 1. nyårsdag vart garasjen til Affi Eidsvik totalskadd i brann. Veka etter er tomta rydda. To veker etter vert det reist ny garasje på tomta. Snakk om tempo der alt går som smurt. Uskedalen.no var på plassen i går og fekk snakka med eigaren og snikrane frå Byggefirma Kjell Høyland.

Den nye garasjen vert bygd på den same tomta med den same ringmuren. Fundamentet var ikkje defekt. Dette gjorde at bygginga kunne ta til straks tomta var rydda. Arealet er 49 rutemeter. Materialane vert tekne frå Byggeriet i Uskedalen.

Takstolane kjem i neste veke. Då vil det gå raskt fram mot ei ferdigstilling.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Byggefirma Kjell Høyland har jobben med å gjenreisa garasjen. F.v: Sebastian Tufta Kirknes (lærling), Kjetil Mehl og Leif Skeie.